

ÅRSMELDING 1979.

Det første året i laget er nå over, og det har for det meste gått med til oppstarting og planlegging. Me hadde skipingsfest 3. mars og fekk der ein heil del medlemmar. Til saman er medlemstallet komme opp i 80 stk og det

er svært bra. Me har hatt regelmessige øvingar i leik og gamaldans. Spel-
mennene har og vore saman og øvd,
og 17 mai opptrådte dei for fyrste
gong, då var og dansarane med.
Ellers var mange av dansarane på
kappleikar og gjorde det bra og for
fyrste gong på mange år kunne dei
representere eit lag frå si eiga byggd.
Me hadde siste øving før ferien 15 juni
og hadde då utjing av Lyststringen.
Me har og vore inviterte heim til
dei to gonger.

Planane var å starte opp att i slutten
av august, for det var meininga
å ha ymse kurs før jul. men det
sette flaumen ein stoppar for
Men i november kom me i gang att
med øvingane i dans.

Kurs for felespelararar var og bestemt, men
det lyt me no ta etter jul og fyrste
øving blir rett etter nyår. dersom det meldes
seg interesserte.

Me er vortne medlemmer av Landslaget for
spelmenn.

ditte om økonomien i laget. Me overtok
kassa til "gamle spelmannslaget" og
den inneheldt ca. 1000, så me hadde
litt å starte med. Nokon ørlig innstelt
har me ildeje i år. Det største er
medlemskontingenten. ~~og~~ Kassa inneheld
no ca kr 1500.-

Arbeidsplan for 1990.

Me startar opp med felekurs rett etter ny-
år. Øvingane om fredagskveldane
vil gå som før. Me har og planar om
ei treklespel-gruppe, men der var det
vanskelig å få ledar. Men ordnar det seg
så skal seinare dei to gruppene koma
saman til spel-treff.

Me skal og ha eit kurs i leik-leiing, me
har fått folk til å lede det, så der
håpar me medlemmane stiller opp. slik
at dei faste ledarane kan få avleting
av og til. Og me treng så absolutt

flere ledere for me skal starte opp
med gammaldanskurs for nybegynnere
og springarkurs.

me har og tenkt på å starte med
barne-leikering. Det er interesse mellom
elevane på skulen, helst hos jentene men
det var og eit par gutar som var villige
til å vera med og då kjem det kanskje
fleire. Men der og lyt me ha
ledar.

Sa

a) Fostedals-
springarkurs

b)

~~d~~

c)

d.

Springa for. Om det blir mykje songleikar.